



Denne venninneflokket svikta ikkje Dønhaug, men fleire av dei har sterke røter i området. Dei er Inga Tveito (Bergen), Ellen Marie Myklebust (London), Sarah Paxton (London), Marie Døssland (Bergen) og Bente Vågane (Stavanger). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den siste låvedansen på Dønhaug Gjestegard i denne sesongen vart ingen fulltreffar. Bortimot midnatt var det berre rundt 40 betalande i låven der kanadiaren Pat Savage med band heldt ein utruleg høg musikalsk standard. Gil Edwards frå Oregon, USA, skulle ha spela saman med Savage, som kvelden før i Dønhaugkjedlaren, men måtte reisa.



Det var glissent på låvegolvet på Dønhaug i natt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Eg må berre konstatere at å levera musikk av toppinternsjonal standard ikkje slår an. Kvinnheringane er tydelegvis ikkje modne for slik musikk., seier ein tydeleg skuffa Magne Huglen til uskedalen.no i natt.



Pat Savage med band spela på läven i natt. 8Foto: Ola Matti Mathisen)

- Men det er vel ein del av forklåringa at det er bryllup både i Aktivitetshuset og på Helgheim i kveld og at mange har sete foran TV-apparata og sett fotball?
 - Bryllup og fotball er nok litt av forklåringa på det dårlege frammetet, men eg hentar jo publikum frå heile Kvinnherad. Kor er dei i kveld, spør Huglen.
 - Og kva blir konklusjonen du kjem til å trekka av dette neste år?
 - At det ikkje blir mogeleg å satsa på blues/rock med internasjonale musikarar. Hvis eg overhodet skal satsa, må det skje på norske artistar innan det ein kan kalla folkerock-sjangaren.
- Eg tenkjer då på grupper som Vassendgutane, Åmli og E76. Vassendgutane har eg forresten hatt kontakt med nyleg og dei vil svært gjerne koma att til Dønhaug neste år. Eg hadde jo knallsuksess med dei sist vår.

Av Ola Matti Mathisen